

# Møteinkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre

**Møtestad:** Teams

**Dato:** 07.06.2021

**Tidspunkt:** 10:00 – 12:30

---

Møtet vert gjennomført digitalt som eit teamsmøte på grunn av koronasituasjonen.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post:

[joval@statsforvalteren.no](mailto:joval@statsforvalteren.no).

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 34/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 35/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 36/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker - Ny styrenettseite - Byggeskikk-kampanje - Basiskartlegging og skjøtselsplan - Gravrøys tilbakeført		
RS 10/21	Spørsmål om tiltak - deponi ved Gudvangatunnelen		2021/8184
ST 37/21	Delegerte saker		
DS 7/21	Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg - Statens vegvesen		2021/3953
DS 8/21	Delegert vedtak - endring av påkoplingspunkt - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg - Statens vegvesen		2021/3953
DS 9/21	Delegert vedtak - omgjering av vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete		2021/5890
DS 10/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter Åsen og Nedste Stigen		2021/6499
ST 38/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Snauasete - utedo på stølen		2021/6496
ST 39/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Åsen - utedo på stølen		2021/6494
ST 40/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter til Lægdene og Snauasete		2021/6500
ST 41/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Nedste Stigen - oppdragering av grøfter med kummar		2021/6029
ST 42/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Grindaflethytta - motorisert transport med helikopter		2021/3792
ST 43/21	Nærøyfjorden verneområdestyre - delegering av vedtaksmynne til forvaltarane		2021/7776

ST 44/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel - elsykkel	2021/7236
ST 45/21	Saksframlegg - geitanosi naturreservat - samle inn belegg av planter, lav og sopp - Miljøfaglig utredning	2021/7714
ST 46/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - Motorferdsel - reparasjon stølshus, skjøtsel og næring - Arild Dyrdal	2021/8179
ST 47/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Lægdene - reparasjon av stølshus - gnr. 133, bnr. 1	2021/7610
ST 48/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad	2020/15428

**ST 34/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 35/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

**ST 36/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

**RS 10/21 Spørsmål om tiltak - deponi ved Gudvangatunnelen**

**ST 37/21 Delegerte saker**

**DS 7/21 Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernombord  
- Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg - Statens vegvesen**

**DS 8/21 Delegert vedtak - endring av påkoplingspunkt - Nærøyfjorden  
landskapsvernombord - Stalheimskleiva - midlertidig anleggsveg  
-Statens vegvesen**

**DS 9/21 Delegert vedtak - omgjering av vedtak - Nærøyfjorden  
landskapsvernombord - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete**

**DS 10/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord -  
motorferdsel - helikopter Åsen og Nedste Stigen**



Arkivsaksnr: 2021/6496-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	38/21	07.06.2021

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - Snauasete - utedo på stølen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stigen Gard og Turer v/Hege Strømme og Dee Cunningham dispensasjon til å byggja utedo på stølen Snauasete. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Utedoen på Snauasete skal plasserast i utkanten av stølsvollen, som avmerkt på kartet i saksopplysingane.
- Søkjær må ha naudsynt samtykke frå andre grunneigarar/rettshavarar på Snauasete før doen vert sett opp.
- Utedoen skal tilpassast i terrenget utan vesentleg terrenginngrep, og skal plasserast slik at den ikkje vert dominerande i landskapet.
- Utedoen skal byggjast med tremateriale, og ha same form som vist på bilde i saksopplysninga. Grunnflate skal vera ca. 1 x 1 meter, og høgde på dørsida inntil 2 meter. Utedoen skal ikkje målast. Kledningsmaterialet skal grånast naturleg. Taket skal vera av tre, bølgjeblekk eller torv.
- Tiltakshavar er ansvarleg for vedlikehald og eventuell tömming av utedoen. Etter byggearbeidet er avslutta, skal restmateriale og utstyr takast hand om og transporterast ut av området.
- Dersom utedoen fører til problem av noko slag, skal tiltakshavar fjerna utedoen, og området skal ryddast for inngrep og materiale.
- Utedoen bør vera tilgjengeleg for andre turgårar i området.
- Løyve til oppstart av tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilde frå tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om oppsetting av do, Snauasete. Stigen Gard og Turer, 21.04.2021



## Nærøyfjorden verneområdestyre


- Saksprotokoll 26/20 – 24.06.2020, Nærøyfjorden verneområdestyre - Nærøyfjorden landskapsvernombord – Snauasete – restaurerer sel – Dee Cunningham og Hege Strømme

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Stigen Gard og Turer har fått løyve av Nærøyfjorden verneområdestyre til å restaurera stølshuset på Snauasete. Dei søker no om å få løyve til å sette opp ein utedo på stølen. Utedoen skal vera på 1 x 1 meter.

Det er berre eit stølshus att på Snauasete, men fleire gamle murar. Søkjar ynskjer å halde seg unna dei gamle murane, og ynskjer å plassera utedoen i utkanten av stølsvollen, slik som vist på kartet under.



Kart med plassering av utedo. Utedo markert med raudt bygg.



Bilde av utedo på Nedste Stigen. Utedo på Snausete skal ha same utforming som denne utedoen. Foto: Anbjørg Nornes

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenartat natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøyfjorden landskapsvernombordet er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot «...oppføring av anlegg og faste innretningar...» jf. § 3 pkt. 1.1. a). Forvalningsstyresmakta kan gje løkke til «Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemnd og oppsyn» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Utedoen kan ikkje vurderast etter desse reglane. Forvaltinga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste og alternativ som seier at «Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Snausete ligg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Å ta vare på kulturlandskapet med stølsområda er eit av føremåla med vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Det er



positivt av stølshuset på Snauasete er sett i stand og vert brukt. Det er vanleg forvaltningspraksis i dette verneområdet og andre verneområde, å gje løyve til oppføring av utedo på stølar. Utbedoane er vurdert som naudsynt for å dekka normale funksjonar for ei hytte/stølshus, og tiltaket kan redusera faren for ureining av område. I forvaltningsplanen for Nærøyfjorden er tema utedo omtalt under fleire tema. I kapittel om friluftsliv – *tiltak for tilrettelegging for friluftsliv*, står det at «*Dersom omsynet til naturkvalitetane tilseier det, skal naudsynte tiltak gjerast for å unngå skadar som skuldast friluftslivet*». Under kapittel om forsøpling og ureining står det at det kan førast opp «*utedo der det syner seg naudsynt*». Tiltaket er eit lite bygg, og er i nærlieken av andre inngrep. Bygget vil i liten grad påverka landskapet sin art og karakter. Forvaltar vurderer at det er heimel for å vurdera tiltaket etter nml. § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Området er del av Fjellheimen villreinområde, og ligg akkurat innanfor grensa av det som er definert som vinterbeiteområde for reinen. I 2020 vart det av søker observert kolle med kalv i området i pinsehelga, noko som viser at området vert brukt også på våren. Det vil vere veldig viktig å passe på at det ikkje er rein i området under transporten i samband med byggearbeidet.

Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området (naturbase 14.05.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje veklagt i saka.

Forvaltninga skal vurdera den samla belastinga på økosystemet av eit tiltak jf. nml. § 10. Eit av føremåla til Stigen Gard og Turer med å restaurera stølshuset, er å ta med gjester på tur til Snauasete for overnatting. I saksprotokoll 26/20 med vedtak om løyve til å restaurere stølshuset, vart den samla belastninga på området av eventuell auka ferdsel vurdert. Der vart det trekt fram at tilrettelegging for auka trafikk kan på sikt føre til auka belastning for villreinen i området. For å redusera konflikten med villreininteressene, vart søkjar oppmoda om å ha god dialog med villreinnemnda og verneområdestyret for bruk av området.

Ved bruk av området vil det vera trond for ein utedo. Det er ikkje plass i stølshuset til do, og det er difor naudsynt å sette opp eit eige bygg. Utbedoan vil kunne vera med å hindre ureining av området. Det er vurdert at tiltaket med utedo ikkje vil føra til auka belastning på naturverdiane eller verneverdiane i området. Søkjar er ansvarleg for tiltaket, og må ta kostnadane med å fjerna utbedoan dersom den fører til skade på verneverdiane jf. nml. § 11.

Kulturlandskapet på Snauasete framstår som eit historisk kulturlandskap med eit restaurert stølhus og fleire murar etter stølshus. Riktig plassering av utedoen vil ha stor betydning for at ta vare på dette kulturlandskapet. Samtidig må ikkje utedoen føra til avrenning til vatn og vassdrag. Plasseringa i utkanten av stølsvollen er vurdert som ei god plassering som i liten grad påverkar landskapet, og plasseringa vil ikkje føra til ureining av vassdrag. Utbedoan er eit lite bygg på 1 x 1 meter, og vil kunne tilpassast i terrenget slik at den ikkje vert dominerande i landskapet. Plassering og utforming er vurdert som godt tilpassa miljøet jf. nml. § 12. Med dei føringane som er gitt for plassering, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.

## Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Med



## Nærøyfjorden verneområdestyre

---

heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 første ledd og fyrste alternativ, tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til å sette opp utedo i utkanten av stølsvollen på Snauasete, med dei vilkår som er gitt.



Arkivsaksnr: 2021/6494-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	39/21	07.06.2021

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - Åsen - utedo på stølen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stigen Gard og Turer v/Hege Strømme og Dee Cunningham dispensasjon til å byggja utedo på stølen Åsen. Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Utedoen på Åsen skal plasserast i skogen under stølshuset, avmerkt som alternativ 2 på kartet i saksopplysingane.
- Søkjær må ha naudsynt samtykke frå andre rettshavarar på Åsen før doen vert sett opp.
- Utedoen skal tilpassast terrenget utan vesentleg terrenginngrep, og ha ei tilsvarende utforming som utedoen på Nedste Stigen, slik bilde i saka viser.
- Utedoen skal byggjast av tremateriale, med tak av bølgjeblekk eller torv. Grunnflata skal vera ca. 1 x 1 meter, og høgda på dørsida inntil 2 meter. Utedoen skal ikkje målast. Kledningsmaterialet skal grånast naturleg.
- Tiltakshavar er ansvarleg for vedlikehald og eventuell tømming av utedoen. Etter byggearbeidet er avslutta, skal restmateriale og utstyr takast hand om og transporterast ut av området.
- Dersom utedoen fører til problem av noko slag, skal tiltakshavar fjerna utedoen, og området skal ryddast for inngrep og materiale.
- Utedoen bør vera tilgjengeleg for andre turgårar i området.
- Løyve til oppstart av tiltaket gjeld i 3 år frå vedtaksdato. Det skal sendast rapport med bilde frå tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om oppsetting av utedo på stølen Åsen, Stigen. Stigen Gard og Turer, 21.04.2021



## Nærøyfjorden verneområdestyre

Saka vert vurdert etter:


- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Stigen Gard og Turer søker om å få løyve til å sette opp ein utedo på stølen Åsen. Stølshuset vart sett i stand i 2017, og vert mellom anna brukt i samband med skjøtsel og beiting. I eldre tid var det utedo i fjøset på stølen, men heile dette bygget er ramla saman. Det er berre murane att etter fjøset. Utedoen skal vera på 1 x 1 meter.

Dei har framlegg om to alternative plasseringar av utedoen. Sjå kartet under.

Alternativ 1 (raudt symbol): rett utanfor stølshuset, og vil byggjast slik at den passar med stølshuset.

Alternativ 2 (gult symbol): i skogen under stølshuset. Bygget får tre leveggjar bygd av einer, med bølgjeblikk eller torvtak.



Kart med plassering av utedo. Alternativ 1 med raudt symbol. Alternativ 2 med gult symbol.  
Kopi frå søknad.



Bilde av utedo på Nedste Stigen. Utedoen på Åsen skal ha tilsvarende utforming som denne utedoen. Foto: Anbjørg Nornes

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap fra fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøyfjorden landskapsvernombordet er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot «...oppføring av anlegg og faste innretningar...» jf. § 3 pkt. 1.1. a). Forvaltningsstyresmakta kan gje løvye til «Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemeld og oppsyn» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Utedoen kan ikkje vurderast etter desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste og alternativ som seier at «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



## Vurdering

Åsen er stølen til Nedste Stigen, og ligg i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Grunneigarane har rydda skog på og rundt stølsvollen på Åsen, og stølsområdet vert nytta til sauebeite. Det er positivt av stølshuset og stølsområdet på Åsen vert brukt. Å ta vare på kulturlandskapet med stølsområda er eit av føremåla med vern av Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Den mykje nytta turstien til Beitelen går gjennom dette stølsområdet. Det velhalde kulturlandskapet gjev ei auka oppleving for dei besøkjande i området.

Det er vanleg forvaltningspraksis i dette verneområdet og andre verneområde, å gje løyve til oppføring av utedo på stølar. Utedoane er vurdert som naudsynt for å dekka normale funksjonar for ei hytte/stølshus, og tiltaket kan redusera faren for ureining av området. I forvaltningsplanen for Nærøyfjorden er utedo omtalt under fleire tema. I kapittel om friluftsliv – *tiltak for tilrettelegging for friluftsliv*, står det at «*Dersom omsynet til naturkvalitetane tilseier det, skal naudsynte tiltak gjerast for å unngå skadar som skuldast friluftslivet*». Under kapittel om forsøpling og ureining står det at det kan førast opp «*utedo der det syner seg naudsynt*». Tiltaket er eit lite bygg, og er i nærlieken av andre inngrep. Bygget vil i liten grad påverke landskapet sin art og karakter. Forvaltar vurderer at det er heimel for å vurdera tiltaket etter nml. § 48 første ledd og første alternativ.

Det er ikkje registrert trua artar eller naturtypar i området (naturbase 14.05.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltinga skal vurdera den samla belastinga på økosystemet av eit tiltak jf. nml. § 10. Både i samband med skjøtselsarbeid og fritidsbruk, vil det vera trond for ein utedo på stølen. Det er ikkje andre attståande bygningar på Åsen, og det er ikkje plass til do i stølshuset. Det er difor naudsynt med eit eige bygg. Utedoen vil kunne vera med å hindre ureining av området. Det er vurdert at tiltaket med utedo ikkje vil føra til auka belasting på naturverdiane eller verneverdiane i området. Søkjær er ansvarleg for tiltaket, og må ta kostnadane med å fjerna utedoen dersom den fører til skade på verneverdiane jf. nml. § 11.

Kulturlandskapet på Åsen framstår som eit historisk kulturlandskap med ope kulturlandskap, stølshus og fleire murar etter stølshus. Riktig plasseringa av utedoen vil ha stor betydning for at ta vare på dette kulturlandskapet. Samtidig må ikkje utedoen føra til avrenning til vatn og vassdrag. Plasseringa i skogen nedanfor stølshuset, alternativ 2 i søknaden, er vurdert som ei god plassering som i liten grad påverkar landskapet, og plasseringa vil ikkje føra til ureining av vassdrag. Ved å velja alternativ 2 for plassering av utedoen, vil den vera godt skjult frå stølsvollen, og vera lite dominante i landskapet. I søknaden skriv tiltakshavar at utedoen skal ha tre levegger, og byggjast av einer. Den 4. veggen vil vera berghammaren doen vert plassert inntil. Plassering og utforming er vurdert som godt tilpassa miljøet jf. nml. § 12. Med dei føringane som er gitt for plassering, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet.

## Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet og naturmangfaldlova § 48



fyrste ledd og fyrste alternativ, tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til å sette opp utedo i utkanten av stølsvollen på Åsen, med dei vilkår som er gitt.



Arkivsaksnr: 2021/6500-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	40/21	07.06.2021

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - helikopter til Lægdene og Snauasete

### Innstilling frå forvaltar

Stigen Gard og Turer v/Hege Strømme og Dee Cunningham får løyve til å landa med helikopter på Lægdene og Snauasete. Det vert gitt løyve til inntil 7 landingar på Snauasete for transport til stølshuset og til utedo. Det vert gitt løyve til inntil 2 landingar på Lægdene for transport av materiale til vedlikehald av stølshuset til Trygve Simlenes. Landingane skal gjennomførast på 1 dag i perioden 15.06 til 01.07.2021.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 2.3, og gjeld med følgjande vilkår:

- Transportruta er mellom Skard i Fresvik og Lægdene og Snauasete.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av materiale til stølshusa.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Transporten skal så langt som mogleg skje utanom søndagar og helgedagar av omsyn til friluftslivet.
- Statens Naturoppsyn (SNO) for Nærøyfjorden, Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal varslast på førehand.
- Dagen før transporten vert gjennomført, skal tiltakshavar sjekke om det er villrein i nærleiken av Snauasete. Dersom det vert oppdaga villrein, skal transporten utsetjast til seinare i løyveperioden.
- Dette løyvet skal vera med under transport, og skal kunne visast fram ved kontroll. Køyrebok skal fyllast ut før turen startar
- Sekretariatet skal ha skriftleg tilbakemelding innan 01.08.2021 om gjennomført transport, med dato, tal landingar og kva som er transportert

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøve etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast om løyve frå kommunane Aurland og Vik etter motorferdselslova.



## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til helikoptertransport. Stigen Gard og Turer, 23.04.2021.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden (godkjent 2007)
- Skjøtselsplan for høgdegarden Stigen, rapport nr. 3-2008, Aurland Naturverkstad
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009


Stigen Gard og Turer v/Dee Cunningham og Hege Strømme søker om løyve til å nytta helikopter for transport av materiale til stølshuset og utedo på Snausete. Dei er i gang med restaurering av stølshuset, og har søkt om løyve til å sette opp utedo på Snausete.

I tillegg søker dei om landing på stølen Lægdene for transport av materiale til stølshuset til Trygve Simlenes.

Transportruta er frå Skard i Fresvik til Lægdene og Snausete. Transporten er planlagt i tidsrommet frå 14. juni til 25. juni 2021.



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Transport til Skard, Lægdene og Snausete. Kopi fra Fylksatlas. Blå strek er ikkje transportrute, men markerer ytterområde for transporten.

### Lovgrunnlaget.

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. «Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing», jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.1. Med landing meiner ein òg henting og bringing av gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer. Forvaltinga «kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruver m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar», jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.3.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.



## Vurdering

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsla, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forvaltningsstyremahta, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale, ved, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Transport til dette føremålet er i tråd med verneforskrifta og retningslinjene i forvaltningsplanen.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden. Området er del av Fjellheimen villreinområde, og både Lægdene og Snausete ligg innanfor grensa av det som er definert som vinterbeiteområde for reinen. Det er også registrert simler med kalv i nærlieken av Snausete, noko som viser at området også er brukt til vårbeite for villreinen. Villreinnemnda rår til at det ikkje vert gjeve løyve til transport i den mest sårbarane tida for villrein som er frå april til slutten av juni. Det er ikkje registrert villrein i nærlieken av Snausete denne våren, men det er likevel viktig å vera forsiktig og passe ekstra på at det ikkje er rein i området når flyginga skal gjennomførast. Tiltakshavar bør sjekke om det er villrein i området dagen før transporten vert gjennomført.

Det er ikkje registrert andre trua eller sårbarare artar eller naturtypar (Naturbase 14.05.2021) i området der transporten skal føregå. Det kan vera husdyr på beite i slutten av juni, og det må difor visast særskilt omsyn til beitedyra ved transporten. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Forvaltinga ynskjer å praktisere reglane i landskapsvernområdet på ein måte som held motorferdsela på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet. Det er derfor viktig at helikoptertransporten avgrensast til det som er naudsynt. Det er positivt at transporten til Lægdene og Snausete vert samordna. Dette er med å avgrense dagar med naudsynt transport til stølar i området. Forvaltar vurderer den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av Nærøyfjorden landskapsvernområde til å vere på eit akseptabelt nivå.

Helikoptertransporten er naudsynt for tiltaka det er gitt løyve til. Trygve Simlenes skal byte kledning på stølhuset sitt i Lægdene. Simlenes vurderte transport med snøskuter i vinter, men gjorde om på planane når han fekk kjennskap til planlagt helikoptertransport til Snausete. Det er positivt at transporten vert samla til ein dag for begge stølane. Forvaltar vurderer planlagt transporten som miljøforsvarlege til føremålet jf. naturmangfaldlova § 12. Tiltaket vil lite truleg føra til miljøforring, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert som relevant i denne saka.

## Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar bruk av helikopter til å transportere utstyr og material til Snausete og Lægdene til ikkje å vere i strid med verneforskrifta, og tilrår å gje løyve til transporten.



Arkivsaksnr: 2021/6029-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	41/21	07.06.2021

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - Nedste Stigen - oppdragering av grøfter med kummar

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stigen Gard og Turer v/Hege Strømme og Dee Cunningham løyve til å oppgradera anlegget med grøfter på innmarka på Nedste Stigen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 c).

Det kan plukkast småstein frå rydningsrøyser nær innmarka for supplering av stein i grøftene. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Grøftene skal fylgja eksisterande grøfter. Djupn på grøftene er på inntil 50 cm.
- Det kan gravast nye grøfter for å kople til eksisterande grøfter.
- Grøftene skal etablerast i samsvar med plan i saksopplysingane.
- Der det er mogleg å ha ope grøft skal det vera open bekk.
- Det kan vera lukka grøfter der det er mest føremålstenleg for slått av innmarka.
- Småstein kan plukkast frå rydningsrøyser i nærleiken dersom det ikkje er nok stein der grøftene er. Plukking av stein skal utførast slik at det ikkje endrar vesentleg på utforminga på røysene.
- Tiltakshavar skal ha tett kontakt med forvaltar under arbeidet, for å avklare kva tid det ikkje kan plukkast meir småstein frå rydningsrøyserne, og det heller skal transporterast stein til området med helikopter.
- Det kan settast ned inntil 4 kummar i samsvar med plan. Kummane skal gravast ned og ikkje vera synlege. Berre rista over kummane kan vera synleg.
- Brønnen som er ein del av hovudgrøfta kan setjast i stand, og det kan leggjast ak av bølgjeblekk over brønne.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.



Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune for å søkja om løyve til tiltaket etter anna lovverk.

## Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om løyve til grøfting på Nedste Stigen. Stigen Gard og Turer, 15.04.2021

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Hege Strømme og Dee Cunningham søker om løyve til å oppgradera eksisterande grøfter på Nedste Stigen, og til å setje inn 4 kummar som ein del av grøftesystemet. Som ein del av arbeidet søker dei om å stramme opp att den eine brønnen som er ein del av hovudgrøfta. Denne har rasa saman dei siste åra. Dei vil legge tak av bølgjeblekk over kummen, slik som det var tidlegare og som dei har i tunet.

Det kjem mykje vatn ned fjellsida på Stigen, og det har frå gammalt av vore bygd steingrøfter under slåttemarka. Det er ført vatn gjennom to brønnar, ein i tunet og ein nedanfor fjøset. Grøftene er ført vidare nedover slåttemarka og utfor kanten mot sjøen.

Siste åra har dei merka at grøftene har tetta seg meir og meir til, og vantet kjem opp fleire stadar på innmarka. Dette har ført til endra vegetasjon, og hausten 2020 rasa eit stykke av slåttemarka ut på grunn av vatnet.

Det er vanskeleg å vita nøyaktig kvar dei gamle grøftene går, men ut frå landskapet kan dei omrentleg sjå kvar grøftene er. Planen er å grave 50 cm. djupe grøfter, plukke småstein til å legge i botnen, legge 110 mm drensrøyr, dekke over med pukk, duk, småstein og jord. Dei vil bruka småstein frå grøftene og supplera med småstein frå dei mange steinrøysene rundt innmarka.

Dei 4 kummane dei vil sette ned er 100 cm djupe. Det er planlagd å bruka 60 cm plastrøyr som kummar. Kummane skal koma opp til bakkenivå og dekkast med rist. Rista vil vera synleg, men ikkje plastrøyra.

Kartet under viser grøftesystemet med nye og gamle grøfter.



### Kartskisse grøfting Nedste Stigen



**Blå strek:** Der vatn kjem ned frå fjellsida

**Grøn strek, 42 m + 74 m:** hovudtrasè, grøft. Truleg same som eksisterande, tett steingrøft.

**Orange strek, 14 m:** sidegrøft, fangar opp vatn frå brønn i tunet. Truleg same trasè som eksisterande steingrøft.

**Gul strek, 47 m:** grøft nedanfor slåttemark. Vatnet kjem att under vegen, kan sleppast der.

**Blå sirkel, fylt:** eksisterande brønn, 2 stk.

**Blå sirkel:** ny kum, 4 stk

**Kvite areal:** steinrøysar, der det kan hentast småstein til grøft viss det ikkje er nok i materialet me grev ut.

**Svart areal:** steinrøys me må rundt med grøfta. Kan også hente småstein derfrå til grøft.

**Raudt areal:** jordskred, haust 2020.

### Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter»jf. verneforskrifta § 2. Reglane er ikkje til hinder for landbruksdrift på eksisterande innmark, og vanleg vedlikehald av eksisterande vatningsveiter m.m. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg»jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c). Oppgradering av grøfter med dreneringsrør og kummar vert vurdert som meir enn vedlikehaldsarbeid, og vert vurdert som ombygging av grøfteamlegg på garden.

Fjerning av steinar frå området er ikkje tillate etter verneforskrifta, og det må difor vurderast om det er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å plukke småstein frå rydningsrøysene.

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot



*vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.


## Vurdering

Kulturlandskapet med slåtteteigar, beitelandskap og kulturminne er ein del av verneføremåla i Nærøyfjorden landskapsvernombord. Det kan drivast tradisjonelt landbruk i området. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområdet.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan og tidlegare erfaring med skjøtsel av kulturlandskapet på Stigen. Av trua og sårbare artar og naturtypar er det registreringar av stor bloddråpesvermar (Naturbase 14.05.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Innmarka på Stigen har også tidlegare vore grøfta for å leie vatnet vekk frå slåttemarka. Oppdragering av dei gamle grøftene vil vera positivt for kulturlandskapet ved at vatnet ikkje lagar nye bekkefar og øydelegg slåttemarka. Nokon av dei gamle grøftene er i dag blitt opne bekkefar. Det er positivt om desse ikkje vert lukka, men kan vera opne bekkar. Dette vil vera positivt for det biologisk mangfaldet, og det vil vera eit godt tiltak for restaurering av natur dersom bekken ikkje vert til skade for landbruksdrifta. Øvste del av bekkefaret må truleg steinsetjast for å unngå erosjon. Planane for oppgradering av grøfteanlegget er vurdert som positivt for kulturlandskapet, og er vurdert til ikkje å gje auka belastning på naturmiljøet.

I grøftene vil det vera trong for pukk og småstein rundt dreneringsrøyrene. Det meste av småsteinane kan plukkast i eksisterande grøfter, men det vil vera bruk for å supplera med ekstra steinar. I søknaden vert det vist til fleire steinrøyser på og rundt innmarka der det er mogleg å finne stein. Rydningsrøysene er eit resultat av ryddinga av høgdegarden, og er eit viktig kulturminne som må takast vare på. Forvaltar var på synfaring i området 10. mai. I nokon av steinrøysene såg det ut som det er tilført stein i nyare tid, og på desse stadane var det ikkje mosegrodde steinar. I landbruket har det vore vanleg å nytte stein frå rydningsrøysene og tilføre nye steinar gjennom tradisjonell drift. I verneområdet er vanleg landbruksdrift tillate, og ein føresetnad for å ta vare på kulturlandskapet. Forvaltar vurderer at det å plukka mindre mengder med småstein frå rydningsrøysene, ikkje vil føra til vesentleg endring av røysene. Plukking av ei mindre mengd småstein frå nokon av rydningsrøysene er vurdert som eit bagatellmessig tiltak som ikkje vil påverka landskapets art og karakter. Tiltaket er vurdert som positivt for natur- og kulturverdiane, og forvaltar vurderer at tiltaket er i tråd med det forvaltinga kan gje dispensasjon til etter naturmangfaldlova § 48 første ledd og fyrste alternativ.



Innmarka på Stigen med gamle grøfter som delvis er opne. Foto: Anbjørg Nornes

Ei blanding av lukka grøfter og opne bekkefar er vurdert til å vera ein metode som vil vera godt tilpassa miljøet jf. nml § 12. Det har vore lukka grøfter tidlegare, og opne grøfter kan føra til erosjon. Forvaltar vurderer difor at grøftene kan vera lukka dersom det gjev det beste driftsmessige resultatet på Nedste Stigen.

Kummane som er planlagt vil ha god funksjon som oppsamlingskummar og for tilsyn med grøftesystemet. Det er berre ristene på toppen av kummane som vil vera synlege. Tiltaket er vurdert til å vera godt tilpassa landskapet. For at drensrøylene i grøftene skal fungera godt, er det naudsynt med småstein eller pukk i grøftene. Stein som allereie er i grøftene vil kunne brukast, men noko Stein må plukkast i tillegg. Alternativ metode for å få Stein til grøftene er transport til området med helikopter. Dette vil gjera prosjektet vesentleg dyrare. Helikoptertransport vil i tillegg gje auka miljøbelastning. Forvaltar meiner det å plukke noko småstein frå rydningsrøysene vil vera den beste miljømessige metoden i dette tilfellet.



Plukkinga av småstein skal ikkje føra til vesentleg endring av karakteren til rydningsrøysene. Dersom det viser seg at det er bruk for større mengder stein, og dette vil påverka karakteren til rydningsrøysene, må stein til grøftene transportera med helikopter til området. Tiltakshavar skal ha tett kontakt med forvaltar undervegs i arbeidet for å vurdera om det likevel bør transporterast stein til området, i staden for å finne stein i nærområdet.

Nml. § 11 er vurdert til ikkje å vera relevant i denne saka.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til oppgradering av grøfteanlegget.

Uttak av små menger med småstein frå rydningsrøysene er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet, eller til skade på verneverdiane. På denne bakgrunn vurderer forvaltar at det kan gjevast løyve til tiltaket med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2021/3792-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 18.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	42/21	07.06.2021

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - Grindaflethytta - motorisert transport med helikopter

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Voss Utferdsdag løyve til å lande med helikopter ved Grindaflethytta i Nærøyfjorden landskapsvernombord for transport av ved, gass, proviant og anna utstyr til hytta, og returtransport av sengetøy, boss og anna. Løyvet gjeld for inntil 5 landingar på 1 dag i perioden 1. august til 31. august i åra 2021, 2022, 2023 og 2024.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 2.3, og gjeld med følgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Transporten skal skje utanom søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Statens Naturoppsyn (SNO) for Nærøyfjorden, Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal varslast på førehand. SNO vil opplyse om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane under helikoptertransporten
- Dette løyvet skal vera med under transport, og skal kunne visast fram ved kontroll. Køyrebok skal fyllast ut før turen startar
- Sekretariatet skal ha skriftleg tilbakemelding innan 01.11.kvar år i løyveperioden med dato, tal landingar og kva som er transportert.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta, og at det i tillegg må innhentast løyve etter lov om motorferdsel i utmark frå Voss kommune og grunneigar.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Revidert søknad om landingsløyve for helikopter ved Grindaflethytta og Ljosanbotn i Voss herad for perioden 2021 - 2024, datert 05.05.2021
- Søknad om landingsløyve for helikopter ved Grindaflethytta og Ljosanbotn i Voss herad for perioden 2021 - 2024, datert 03.03.2021




## Nærøyfjorden verneområdestyre

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

Voss Utferdsdag er eigar av turisthytta Grindaflethytta, og har driftsansvar for hytta. Hytta står open heile året og er godt besøkt både sommar og vinter. Utferdslaget opplyser at det er årleg trond for transport av ved, gass, proviant og anna utstyr inn til hytta, og returtrasport av sengetøy, boss og liknande. Det vil vera bruk for inntil 5 turar årleg frå Ljosanbotn på Mjølfjell til Grindaflethytta for å utføra transporten.

Tidspunktet for transporten vil vera ein dag i august månad. Søknaden gjeld transport ein dag pr. år i perioden frå og med 2021 til og med 2024. Voss Utferdsdag vil nytt Fonnafly Helifly AS til å utføra transporten.



**Helkoptertransport mellom Ljosandalen og Grindaflethytta. Kopi av Fylksatlas**



## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. «Motorferdsel på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing», jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.1. Med landing meiner ein òg henting og bringing av gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer. Forvaltninga «kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruver m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar», jf. verneforskrifta § 3 punkt 2.3.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Transport av proviant til turisthyttene er eit av føremåla forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta. Det er gjeve løyve til denne transporten i fleire år. I forvaltningsplanen er transport til turisthytter eit av føremåla som er vurdert det kan gjevast fleirårige løyve til. Forvaltar vurderer transporten til Grindaflethytta til å vera i tråd med verneforskrifta og retningslinjene i forvaltningsplanen.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, informasjon om villreinområde frå villreinnemnda, og tidlegare erfaringar med helikoptertransporten i området. Grindaflethytta ligg innanfor Raudafjell villreinområde, og dette området er eit viktig leveområde for villreinen. Det må difor visast særskilt omsyn til villreinen ut frå føre-var prinsippet jf. nml. § 9. SNO Aurland vil gje informasjon om det bør takast særskilt omsyn under transporten.

Det er ikkje registrert andre trua eller sårbare artar eller naturtypar (Naturbase 18.05.21) i nærliken av Grindaflethytta der landinga skal vera. Grånosmyrane naturreservat ligg sør for Grindaflethytta. Dette er eit viktig hekkeområde i fjellet for våmarksfuglar. Det er forbode med lågtflyging under 300 meter både i naturreservatet og landskapsvernombordet. Sekretariatet ser difor ikkje fare for at hekkande fuglar vert uroa av transporten. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt for å vurdera saka.

Grindaflethytta er ei av to turisthytter innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Forvaltar meiner omsøkt bruk av helikopter for transport av utstyr til Grindaflethytta, og boss og sengetøy som returlast, er innanfor det ein kan rekna som akseptabelt i verneområdet. Den samla belastninga på området av motorferdsle i denne delen av Nærøyfjorden landskapsvernombordet vert vurdert til å vera på eit akseptabelt nivå.

Helikoptertransporten vil ikkje medføra særleg miljøforringingar utover den tida den pågår. Det er viktig at løyveinnehavaren planlegg transport på ein slik måte at transporten vert avgrensa til færrast mogleg turar. Transporten bør helst skje på ein kvardag, og ikkje helg av omsyn til friluftslivet. Forvaltar vurderer helikoptertransport som ein effektiv transportmetode,



og den beste måten å transportera proviant og ved til hytta på i dette området. Voss utferdsdag har hatt tilsvarende løyve i fleire år. Tidlegare år har transporten blitt gjennomført i juni. Villreinnemnda har gjeve uttale til andre saker i dette området, og tilrår generelt at det ikkje vert gjeve løyve til lågflyging og landing med helikopter i yngletida for villrein i perioden april til juni/juli, for å unngå å skremme dyra i ein særskilt sårbar periode. Forvaltar har gitt informasjonen vidare til Voss Utferdsdag, og dei har endra planane for transporten til Grindaflethytta, og søker no om transport i august. Med endra transporttider er transporten vurdert som miljøforsvarlege til dette føremålet jf. nml. § 12.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfoldlova §§ 8 – 12, og verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, tilrår forvaltar at det kan gjevast fleirårig løyve til transport til Grindaflethytta.



Arkivsaksnr: 2021/7776-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 21.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	43/21	07.06.2021

## Nærøyfjorden verneområdestyre - delegering av vedtaksmynne til forvaltarane

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre delegerer vedtaksmynne til forvaltarane i dispensasjonssaker etter verneforskriftene for Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat, Bleia naturreservat, Grånosmyrane naturreservat og Geitanosi naturreservat.

Delegasjonen gjeld fylgjande saker:

- Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene om ferdsle og motorferdsle i fylgjande verneforskrifter:
  - Verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.3
  - Verneforskrift for Bleia-Storebotnen landskapsvernområde § 3 punkt 5.3
  - Verneforskrift for Bleia naturreservat § 5 punkt 4
  - Verneforskrift for Nordheimsdalen naturreservat punkt VI nr. 1 og 4
  - Verneforskrift for Grånosmyrane naturreservat punkt VI nr. 2
  - Verneforskrift for Geitanosi naturreservat § 7 bokstav f og l
- Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskriftene og etter naturmangfaldlova § 48 der :
  - Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra
  - Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker
  - Forvaltningsplanen gjev eintydige føringer for utfallet

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i vedtekten for Nærøyfjorden verneområdestyre av 1. januar 2020, punkt 6.2, med oppdatering av forvaltningsmynne for Geitanosi naturreservat.

Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny behandling i styret.



## Saksopplysningar

- Delegering av forvaltningsmyndighet for Geitanosi naturreservat i Aurland kommune.  
*Miljødirektoratet, 01.12.2020*
- Vedtekt for Nærøyfjorden verneområdestyre, 1. januar 2020
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden – rapport nr. 1 - 2008

I vedtekten for Nærøyfjorden verneområdestyret er det gitt moglegheit for delegering av mynde til forvaltar. Styret har gjort vedtak om delegert mynde til forvaltar frå 2013 for dei verneområda styret har hatt forvaltningsansvar for. I 2020 fekk verneområdestyret forvaltningsansvar for Geitanosi naturreservat. For at forvaltarane skal kunne behandle saker delegert i dette nye naturreservatet, må styret utvida delegeringsmynde til forvaltarane.

I fylgje vedtekten til styret, kan styret gje forvaltarane mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Med kurrant karakter er meint fylgjande:

- *Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsføreseggnene i verneforskriftene om ferdsele og motorferdsle.*
- *Saker etter andre spesifiserte dispensasjonsføresegner i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der:*
  - a) *Det dreier som om fornying av dispensasjon gjeve av styret eller arbeidsutvalet, og føresetnadene er tilnærma uendra*
  - b) *Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret/AU i tilsvarende sak*
  - c) *Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet*

*Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treffer delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret» (utdrag frå vedtekten pkt. 6.2).*

Alle vedtak fatta av forvaltar skal gjerast i tråd med naturmangfaldlova, verneforskriftene og forvaltningsplan.

## Vurdering

I tråd med delegerringsmynde i vedtekten, har Nærøyfjorden verneområdestyre delegert vedtaksmynne til forvaltar i styresak i 2013 og 2015. Dei fleste sakene som er behandla delegert er søknader om motorisert transport av materiale til vedlikehald av stølshus, og transport av ved og utstyr til hytter og stølshus. Slike saker har klare retningslinjer i forvaltningsplanen for Nærøyfjorden. Forvaltinga har blitt meir rasjonell og effektiv etter forvaltar fekk delegert mynde i kurante saker.

Forvaltningsplanen for Nærøyfjorden har mange føringar for forvaltningspraksis i verneområdet. Verneområdestyret har sidan opprettninga av styret i 2012, behandla mange saker som har gjeve forvaltningspraksis i området. Fornying av dispensasjonar som styret har gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, er døme på kurante saker som kan



delegerast til forvaltar. Andre døme på kurante saker er søknad om motorferdsel i samband med bygg og installasjonar som styret har gjeve dispensasjon til.

Forvaltar rår til at det kan delegerast vedtaksmynde til forvaltar i tråd med delegeringsmynde i vedtekten til styret for saker der forvaltningsplanen gjev klare retningslinjer eller styret har behandla tilnærma like saker. Forvaltar skal diskutera saker med styreleiar dersom forvaltar er i tvil om det er ei kurrant sak. Alle saker av prinsipiell karakter, skal leggjast fram for verneområdestyret til avgjerd.



Arkivsaksnr: 2021/7236-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 21.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	44/21	07.06.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombane - Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel - elsykkel

### Innstilling frå forvaltar

Terje Fjellkleiv får løyve til å bruke el-sykkelen sin på strekninga Drægo-Hjølmo bru i Nærøyfjorden landskapsvernombane i barmarksseisongen 2021 og 2022.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombane og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- I verneområdet kan el-sykkelen berre brukast på landbruksvegen mellom Tråna og Hjølmo bru. El-sykkelen skal ikkje brukast andre stadar i verneområdet.
- Løyvet gjeld inntil 15 turar tur/retur per år i barmarksseisongen i 2021 og 2022.
- Det skal syklast forsiktig og takast omsyn til naturmiljø og folk ved bruk av el-sykkel.
- Dette løyvet skal kunne visast fram ved eventuelt oppsyn i området.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Terje Fjellkleiv om dispensasjon for bruk av el-sykkel på vegstrekningen Drego – Hjølmo bru.
- Dispensasjon gitt grunneigarar i Dyrdal til 30 turar per år mellom Drægo og Hjølmo bru, 10.02.2021.
- Dispensasjon gitt Arild Dyrdal til bruk av utleige-el-syklar på strekninga Tråna – Hjølmo bru, 27.04.2021

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombane av 08.11.2002



- 
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
  - Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden 2007

Terje Fjellkleiv er hytteeigar i Dyrdal, og eig eigedom 67/13. Han har registrert at det er opna for bruk av el-sykkel mellom Drægo og Hjølmo bru og har skaffa seg el-sykkel som vil være permanent i Dyrdal. Han søker no om løyve til å bruke denne el-sykkelen på strekninga Drægo – Hjølmo bru.

Frå Drægo til Hjølmo bru er det privat landbruksveg, og store delar av vegen, frå Tråna, er i Nærøyfjorden landskapsvernombordet. I landskapsvernombordet er all motorisert ferdsel forbode, inkludert el-sykkel. I verneplanprosessen vart ikkje bruken av denne landbruksvegen diskutert særskilt, og i verneforskrifta er det berre transport i samband med landbruksdrift som ikkje er søknadspliktig.

Arild Dyrdal har tidlegare i år søkt og fått løyve til eit to-årig prøveprosjekt med utleige av el-syklar som kan brukast på denne strekninga. Alle grunneigarar som har søkt, har tidlegare i år fått eit treårig løyve til inntil 30 turar per år med motorisert transport på den same strekninga.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruksdrift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.*».

Det er eit generelt forbod mot motorferdsel på land og i vatn/vassdrag i Nærøyfjorden landskapsvernombordet jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. El-sykkel blir rekna som motorisert ferdsel i verneområde, og er dermed forbode på lik linje med anna motorisert ferdsel.

Reglane er ikkje til hinder for «naudsnyt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar og i nærleiken av innmark og på traktorløyper godkjende i forvaltningsplan.» Sidan dette ikkje er snakk om bruk i tilknytning til landbruksdrift, må saka handsamast etter paragraf 48 i naturmangfaldlova.

§ 48 fyrste ledd og fyrste alternativ; «*Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig.*» Begge vilkåra i § 48 må vera oppfylt, både at det ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje vera til nemneverdig skade på naturverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering



Det er eit mål i forvaltningsplanen om å halde motorferdsel i verneområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Løyve til barmarkskjøring og persontransport blir normalt ikkje gjeve. Ettersom el-sykkel blir sidestilt med annan motorisert ferdsel i verneområda, ville dermed det mest naturlege vere å gje avslag på denne søknaden. Situasjonen er derimot litt spesiell sidan det her er snakk om ein landbruksveg der det har vore motorisert ferdsel tidlegare utan at forvaltninga har reagert på det, og der det no er gitt løyve til motorisert ferdsel både til grunneigarane og til eit prøveprosjekt med utleige av el-syklar.

Bruk av el-sykkel på landbruksvegen mellom Tråna – Hjølmo bru vil ha liten eller ingen direkte negativ påverknad på naturen i verneområdet. Ettersom kjøringa foregår på ein steinlagt og grusa landbruksveg vil den ikkje føre til slitasje eller påverke naturverdiar. El-sykkel fører heller ikkje til støy eller CO<sub>2</sub>-utslepp på same måte som mykje annan motorisert ferdsel. Transporten med el-sykkel er vurdert til å vere miljøforsvarleg jf. nml § 12. Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvaltningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltninga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar langs vegstrekninga som kan bli direkte påverka av motorferdsel på vegen (Naturbase 25.01.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Den samla belastninga på området aukar dess fleire som får løyve til å køyre til Hjølmo, spesielt med tanke på at området vidare innover i verneområdet frå Hjølmo blir lettare tilgjengeleg for fleire. Dette vart vurdert grundig i saka om el-sykkelutleige (Arkivsaksnr 2020/10046-0), og forvaltar kan ikkje sjå at ein ekstra sykkel i bruk i området vil auke den samla belastninga vesentleg, jf. nml § 10. Når grunneigarane har fått løyve til 30 turar med «tyngre» motoriserte køyretøy, og det er gitt løyve til utleige av elsykkel, vil det fort kunne oppfattast som urimeleg om ein som eig hytte i Dyrdal ikkje får løyve til å bruke sin el-sykkel. Samtidig er det viktig å vurdere presedensverknaden av å gje løyve også til hytteigarar i Dyrdal. Gir ein først løyve til ein hytteigar er sjansen stor for at det også er fleire som vil söke. Talet på potensielle søkerar vil likevel vere avgrensa, og det vil vere naturleg å skilje mellom dei som har eigedom i Dyrdal (grunneigarar og hytteigarar) og folk som berre er på besök.

Verneområdestyret skal vurdera om ferdsel på landbruksvegen kan vera i strid med verneverdiane og verneføremålet. Då vegen er ein privat landbruksveg, kan grunneigarane laga ytterlegare innstrammingar for å tilpassa kjøring til standarden på vegen, og ynskt trafikk.

Løyvet som er gitt til bruk av el-syklar til utleige er for ein prøveperiode for å skaffe erfaring fram til dette temaet skal evaluerast ved revidering av forvaltningsplanen. Ved å gje løyve for tilsvarande periode også i denne saka vil ein kunne få erfaring også med privat bruk av el-sykkel og eit lite innblikk i kor stort ønsket om bruk av el-sykkel på vegen er.

Grunneigarane har fått løyve til inntil 30 turar i året kvar, mellom anna ut i frå behov for å frakte utstyr og materiale til stølshusa på Hjølmo. Hytta til Terje Fjellkleiv ligg nede i sjølve Dyrdal, og han har dermed ikkje det same behovet for å frakte utstyr til Hjølmo. Det er



forventa at el-sykkelen i hovudsak vil nyttast til persontransport knytt til utøving av friluftsliv. Det vil derfor vere naturleg å avgrense løyvet til å gjelde færre turar enn dei som har eit større transportbehov. Verneområdeforvaltar foreslår derfor å gje løyve til 15 turar tur/retur i året i ein prøveperiode i 2021 og 2022.

### Konklusjon

Køyring med ein el-sykkel på landbruksvegen mellom Tråna og Hjølmo bru vil ikkje føre til nemneverdig skade på verneverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar vurderer at vilkåra for å gje løyve til transport etter § 48 i naturmangfaldslova er oppfylt. På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, tilår forvaltar å gje eit toårig løyve med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2021/7714-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 26.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	45/21	07.06.2021

## **Saksframlegg - Geitanosi naturreservat - samle inn belegg av planter, lav og sopp - Miljøfaglig utredning**

### **Innstilling frå forvaltar**

Miljøfaglig utredning får løyve til å samle inn belegg av planter, sopp og lav i Geitanosi naturreservat. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48.

Løyve gjeld med følgjande vilkår:

- Det ska berre samlast inn så mykle som er nødvendig for artsbestemming.
- Det skal ikkje tas belegg av trua artar.
- Innsamlinga skal gjennomførast i 2021.

### **Saksopplysningar**

Miljøfagleg utredning skal gjennomføre basiskartlegging av verneområde på området Styvi-Bleiklindi, etter Artsdatabanken sitt system Natur i Norge (NiN-systemet). Delar av kartleggingsområdet ligg innanfor grensene til Geitanosi naturreservat. I forbindelse med dette søker dei om dispensasjon frå verneforskriftene for Geitanosi naturreservat for å samle inn belegg av planter, sopp og lav som er nødvendig for artsbestemming. Dette kan gjelde artar som er oppført på Norsk raudliste for artar 2015, men det vil ikkje takast belegg av trua artar.

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Miljøfaglig utredning, motteke 20.05.2021

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Geitanosi naturreservat, av 27.11.2020.
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

## Lovgrunnlaget

Formålet med Geitanosi naturreservat er definert i verneforskrifta § 1:

*«Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og urørt skogområde med eit stort mangfold av skogs- og vegetasjonstypar. Området har særleg betydning for biologisk mangfold ved at større delar er urskogprega med mykje daud ved. Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.»*

I naturreservatet er vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse fra naturreservatet, jf. verneforskrifta §3, punkt a.

Ettersom verneforskrifta ikkje opnar for å fjerne plantar frå naturreservatet, må denne saka handsamast etter naturmangfaldlova 48 fyrste ledd og fyrste alternativ;  
*«Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».*

Begge vilkåra i § 48 må vera oppfylt, både at det ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje vera til nemneverdig skade på naturverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Verneområdestyret har i fleire år meldt inn behov for å kartlegge kulturlandskapet mellom Styvi og Bleiklini. I år er dette valt ut som eit av områda som skal kartleggast, og det er Miljøfaglig utredning som har fått tildelt oppdraget om basiskartlegging. Tiltaket skal styrke kunnskapsgrunnlaget om verneområda, jf nml. § 8, og danne grunnlag for utarbeiding av revidert skjøtselsplan for Styvi-Holmo.

Tiltaket det er snakk om er plukking av nokon få individ av nokon planteartar for å kunne artsbestemme dei. Meir kunnskap om artsmangfaldet vil vere positivt for verneområdet, og er ikkje noko som vil kunne påverke verneverdiane negativt. Det vil ikkje bli plukka trua artar. Eksisterande kunnskapsgrunnlag blir vurdert som godt nok til å vurdere saka, og føre-var prinsippet (nml. § 9) blir ikkje tillagt vekt i saka.

Dette er det første løyvet som blir gitt i det nye naturreservatet, og den samla belastninga på området er liten, jf. nml. § 10. Kartleggarane skal vere i området 1-2 dagar for å kartlegge, og



arbeidsmetoden blir vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Tiltaket vil ikke gje skade på naturmangfaldet og nml. § 11 er difor ikke vurdert i denne saka.

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og § 48, meiner forvaltar tiltaket ikke vil påverka verneverdiane nemneverdig, og det vil ikke vera i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2021/8179-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 31.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	46/21	07.06.2021

## **Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Hjølmo - Motorferdsel - reparasjon stølshus, skjøtsel og næring - Arild Dyrdal**

### **Innstilling frå forvaltar**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Arild Dyrdal løyve til å køyra på stien frå Hjølmabru i og opp til stølshuset på Hjølmo for fylgjande transport:

- Bruk av traktor og motorisert trillebår for å frakte torv mellom stølshusa 58/1 og 67/9
- Bruk av motorisert køyretøy for å fjerne skrot frå tidlegare bygge- og vedlikehaldsaktivitetar
- Bruk av slåtteutstyr og ATV for å gjennomføre skjøtsel på stølsvollen (slått, raking og bortkøyring)
- Frakt av nødvendig utstyr til stølshusa 67/2 og 9 i samanheng med næringss verksemd, totalt 4 turar.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Køyring skal avgrensast til det som er naudsynt for å gjennomføre tiltaka omtalt i dette saksframlegget. Arbeidet skal planleggast godt for å få færrest mogleg turar. Slåmaskin kan fraktast opp til stølen på traktor saman med annan transport.
- Køyring skal berre gjennomførast når det er tørt slik at det blir minst mogleg spor i terrenget.
- Køyring i høve skjøtsel, vedlikehald og rydding skal gjennomførast i perioden 1. juli – 31. august.
- Løyve til køyring for frakt av utstyr i høve næringss verksemd gjeld ut 2021 og maks 4 turar. Så langt mogleg skal dette koordinerast med transporten i høve skjøtsel og vedlikehald.
- Køyretraseen skal følgje stien til stølen.
- Dette løyvet skal vera med under transport.



- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.11.2021 om gjennomført transport. Rapporten skal innehalde tal på turar koyrd frå Hjølmo bru til stølsvollen.

## Saksopplysningar

Arild Dyrdal eig stølshusa 67/2 og 9 på stølen Hjølmo i Dyrdal. Han har løyve til køyring inntil 30 turar i året til Hjølmo bru. No søker han om køyring frå brua til stølshusa og mellom husa på sjølve stølsvollen. Hjølmo er stølen til Dyrdal og Styvi. Det er ikkje aktiv stølsdrift her lenger, men området vert nytta til sauebeite og rekreasjon. Arild Dyrdal driv utleige av stølshusa sine på Hjølmo.

Frå søknaden:

Søknaden gjelder følgende.


1. Torvtaket på sørhuset til 67/9 trenger vedlikehold. I den forbindelse må det brukes traktor til å frakte torv mellom stølshuset til 58/1 og nevnte stølshus. Arbeidet må utføres i en tørkeperiode. Det har sammenheng med arbeidets art og det å skåne stølsvollen i forbindelse ved bruk av aktuelle kjøretøy - traktor med og uten henger og motorisert trillebår. Arbeidsomfanget beregnes til 3 dager, over en arbeidsperiode på 7 dager.
2. Rydding og fjerning av eldre skrot, fra tidligere bygge- og vedlikeholdsaktiviteter, på stølhusene 67/2 og 9. Arbeidsomfang 1 dag, arbeidsperiode 3 dager
3. Skjøtsel: Selbøen på Hjølmo er inndelt i tre områder, heimi-garden, fram-garden og området utenfor bjørnemuren. På område fram-garden har det ikke vært utført skjøtsel på lang tid. Har som siktemål, i samanheng med vedlikehold av taket å utføre skjøtsel på området - Frami-garden. Arbeidet vil bestå i slått, raking og bortkjøring. Aktuelle kjøretøy. Traktor, ATV og slåtteutstyr. Arbeidsomfang 3 dag, arbeidsperiode 5 dager.
4. Stølshuset 67/2 og 9 brukes i næringsvirksomhet. I den forbindelse søkes det om dispensasjon til frakting av nødvendig utstyr i sammenheng med virksomheten. Arbeidsomfanget her handler om antall turar, som beregnes til 7.

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Arild Dyrdal, datert 28. mai 2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008



Kart med Hjølmo. Stiplet linje viser trase for transport. Kopi frå Fylkesatlas

## Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitegang, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. «Motorferdsle på land og i vatn/vassdrag er forbode, likeeins lågtflyging under 300 meter og landing» jf. § 3 pkt. 2.1. I verneforskrifta er det ikkje opna for å gje løyve til motorferdsel i utmark på barmark, men det kan søkjast om å løyve til å bruka snøskuter til transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar. Køyring på barmark må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 1. ledd fyrste alternativ som seier at verneområdestyret kan «gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering



Å ta vare på stølsområda er ein del av formålet med vernet av Nærøyfjorden landskapsvernombordet. Det er positivt at Arild Dyrdal ynskjer å vedlikehalde stølshuset, frakte ut gamalt skrot og slå selbøen. Vedlikehald av torvtak vert rekna som vedlikehaldsarbeid, og er ikkje søknadspliktig. Det er om lag 200 meter frå Hjølmo bru til stølshusa. Køyretraseen føl stien til stølen, som har høg tåleevne. Det har vore gjennomført transport på denne strekninga før utan at det har sett store spor i terrenget. Arild Dyrdal bereknar at arbeidet som er planlagt gjennomført på stølsvollen vil ta totalt 15 dagar. Arbeidet vil leggast til tørre periodar i juli og august. Løyve til motorferdsle vil vere naudsynt for å kunne gjennomføre det planlagde arbeidet.

Verneforskrifta opnar ikkje for køyring på barmark, men legg opp til at transport i utmarka skal føregå på vinterføre, ettersom dette er meir skånsamt for terrenget. Denne saka må derfor handsamast etter nml. § 48.

Det er ikkje kjente førekomstar av trua artar eller naturtypar i tiltaksområdet (naturbase 31.05.2021). Det er god kunnskap om området gjennom forvaltningsplan og skjøtselsplan, og frå fleire befaringer i området. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 vert vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er tillagt liten vekt. Forvaltar vurderer transporten det er søkt om til skjøtsel og vedlikehald som naudsynt, og meiner bruk av traktor, ATV og slåmaskin er ein miljøforsvarleg metode til dette føremålet jf. nml. § 12.

I arbeidsperioden vil køyring medføre ein del støy og den samla belastninga på området vil auke, jf. nml. § 10. I tillegg til arbeid som går på vedlikehald og skjøtsel av stølshus og stølsvoll søker Arild Dyrdal om 7 turar i løpet av året for å transportere inn utstyr til stølshusa i høve utleigeverksemd. I 2017 søkte Arild Dyrdal om 10 turar til same formål, men fekk berre innvilga 2. Dette vart grunngjeve med at den samla belastninga vart for stor og at løyve ville kunne gje presedens for barmarksøyring andre stadar i verneområdet. I Dyrdal har det ikkje vore tradisjon for å bruke snøskuter, og det er ein viss fare for snøskred på vegen mellom Dyrdal og Hjølmo. Sidan strekningen frå bruva til stølen er såpass kort og har høg tåleevne, har det derfor vore praksis å gje løyve til nødvendig transport på barmark i staden for på vinterføre.

Verneforskrifta opnar for at det kan gjevast løyve til transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og stolar. Når det blir drive utleige av stølshusa vil dette behovet auke, og dette er ikkje noko som er omtala i verneforskrifta. Køyring på barmark i samband med utleigeverksemd er heller ikkje omtalt i forarbeidet til verneforskrifta eller i forvaltningsplanen. I forvaltningsplanen er det lagt vekt på å halde motorferdsel i området på eit lågt nivå, og transportbehov skal samordnast. Køyringa det er søkt om vil gje ein auka belastning av støy i området. I tillegg vil køyring på stien over tid kunne føra til at det vert opparbeid tydelegare køyrespor enn i dag.

Då det i 2017 vart gitt løyve til to turar vart det samtidig gitt løyve til transport i høve vedlikehald av stølshus, og det vart argumentert med at dette burde kunne kombinerast slik at det meste av transport som var naudsynt til utleigeverksemda burde kunne brukast samtidig med denne transporten. Det same argumentet kan brukast denne gongen. Det kan stillast spørsmål ved om utleigeverksemd som er avhengig av at det blir transportert inn utstyr kvar gong stølshuset skal leigast ut er forsvarleg drift i eit verneområde der målet er minst mogleg motorisert ferdsel. Verneområdeforvaltar meiner utleigeverksemda bør kunne organiserast



---

og planleggast slik at det er minst mogleg behov for transport, og at transporten blir samla til eit færre tal turar i løpet av året.

Samtidig er det eit mål i besøksstrategien for Nærøyfjordområdet at ein skal leggje til rette for lokal verdiskaping. Det overordna målet der er «ein god balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevingar for besøkjande og leggje til rette for lokal verdiskaping.» Med tanke på den korte strekninga det her er snakk om å køyre, på eit underlag med relativt høg tåleevne, og utan registreringar av trua natur, meiner verneområdeforvaltar at det blir for strengt å ikkje gje løyve til noko køyring knytt til utleigeverksemda i det heile tatt. Sjølv om mykje utstyr bør kunne bærast den korte vegen frå bruа, eller fraktast inn i løpet av dei to månadane det foregår arbeid på stølen, er det ikkje urealistisk at det vil vere behov for transport av tyngre gjenstandar også utanfor dette tidsrommet. For å redusere den samla belastninga på området, samtidig som ein legg til rette for verdiskaping, foreslår forvaltar å gje løyve til 4 turar for transport av utstyr i tillegg til den nødvendige transporten knytt til skjøtsel og vedlikehald. Spesielt bør det å transportere utstyr inn kunne kombinerast med det å køyre ut skrot frå tidlegare byggeaktivitetar.

Dersom køyringa medfører vesentleg skade på naturmiljøet, kan tiltakshavar bli pålagt å ta kostnadane med å utbetra skadane jf. nml. § 11.

## Konklusjon

Forvaltar meiner motorferdsla til føremålet i søknaden kan vurderast etter naturmangfaldlova § 48. Køyringa er vurdert til i liten grad å påverka verneverdiane, og til ikkje å vere i strid med verneformålet. For å redusere den samla belastninga på området med tanke på støy og opparbeiding av køyrespor i terrenget, blir det foreslått å gje løyve til færre turar for transport av utstyr knytt til utleige enn dei 7 omsøkte turane. Meir av denne transporten bør kunne samordnast med det planlagde arbeidet. På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta, naturmangfaldlova § 48 og §§ 8-12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til nødvendig transport i høve reparasjon av torvtak, skjøtsel på stølsvollen og uttransport av gamalt materiale, og i tillegg 4 turar med transport i samband med utleige av stølshuset.



Arkivsaksnr: 2021/7610-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	47/21	07.06.2021

## Nærøyfjorden landskapsvernombord - Lægdene - reparasjon av stølshus - gnr. 133, bnr. 1

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Trygve Simlenes løyve til å gjennomføra reparasjonsarbeid på stølshuset til gnr. 133, bnr. 1 i Lægdene. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord § 3 punkt 1.3 c), og gjeld med fylgjande vilkår:

- Ytterkledning på to veger av stølshuset kan bytast ut. Ny kledning skal ha same utforming som kledningen som vert bytt ut.
- Vindauga i stølshuset kan bytast ut. Nye vindauge skal ha tilsvarende storleik og utforming som vindauge som vert bytt ut. Det skal ikkje setjast inn fleire vindauge i stølshuset.
- Materiale som vert skifta ut skal takast hand om og transporterast ut av området.
- Transport av materiale til stølshuset i Lægdene skal samordnast med Dee Cunningham sin transport til Snauasete. Transporten vert gjennomført ein dag i tidsrommet 15. juni til 1. juli 2021.
- Det skal sendast rapport med bilde til Nærøyfjorden verneområdestyre etter at tiltaket er gjennomført.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om reparasjon av stølshus i Lægdene, og helikoptertransport av materiane. Trygve Simlenes, 18.05.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009



Trygve Simlenes er eigar av gnr. 133, bnr. 1 i Fresvik i Vik kommune. Han har stølsrett og stølshus i Lægdene. Stølshuset treng oppussing, og han søker om å få løyve til å skrifte to vindauge og kleding på to sider av bygget. Kledningen på desse to sidene er dårlig, og vindauge er råtne. For å få lufting i veggen, skal han fore ut veggen. Utbetringa vil ikkje føre til endring av fasade. Det skal nyttast same type kledning og tilnærma same vindauge og same farge.

Han søker om løyve til transport med helikopter av materiale til reparasjonsarbeidet. Transporten skal gjennomførast samtidig med Dee Cunningham sin transport til Snauasete. Transporten er planlagt 16. juni 2021.



Stølshuset til gnr. 133, bnr. 1. Bilde til venstre viser veggen der kledningen og vindauga skal bytast. Foto: Anbjørg Nornes

### Lovgrunnlaget.

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombude er å ta vare på eit vakkert og eigenart natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til «Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Kulturlandskap med stølsområde og kulturminne er eit av verneføremåla i Nærøyfjorden landskapsvernombude. Det er positivt at grunneigarane set i stand stølhusa. Stølhusa er ein viktig del av kulturlandskapet på stølane. Det er søkt om løyve til å skifte kledning på to vegger og utskifting av to vindauge. I søknaden vert det opplyst at tiltaket ikkje vil føra til fasadeendring. Vanleg vedlikehaldsarbeid på bygningar er ikkje søknadspliktig. I rettleiaren



*Kulturminne i områder vernet etter naturmangfaldloven* (M-420, 2015), er vanleg vedlikehald av bygningar omtalt som rutinemessig arbeid for å hindre forfall på grunn av jamm og normal slitasje. Denne saka er meir omfattande, og er difor vurdert som eit søknadspliktig tiltak.

Transport av materiale til stølshuset skal gjennomførast saman med transport til Snauasete, og er vurdert i samband med den saka. Det er innstilt på løyve til naudsynt transport av materiale til byggearbeidet på stølshuset i Lægdene.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden. Området er del av Fjellheimen villreinområde, og Lægdene ligg innanfor grensa av det som er definert som vinterbeiteområde for reinen. Reparasjon av stølshuset vil ikkje føra til vesentleg auke i ferdselet til området utover den bruken som er der i dag, og vil difor i liten grad gje auka belastning på villreinområdet. Det er ikkje registrert andre trua eller sårbare artar eller naturtypar (Naturbase 14.05.2021) i stølsområdet i Lægdene. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. Reparasjon og vedlikehald av stølshusa er positivt for verneverdiane. I utkast til revidert Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden er Lægdene omtalt som ein støl med eit godt bevart kulturmiljø med fjellbeite og stølshus. Stølshusa er av ulik tilstand der nokon er godt bevart medan andre vil ha trong for istrandsetting. For å bevare dei kulturhistoriske verdiane på stølen, er det viktig at stølshusa vert sett i stand etter antikvariske retningslinjer. Reparasjon av stølshuset til Simlenes er vurdert som eit tiltak som er positivt for kulturmiljøet, og vil ikkje gje auka belastning på økosystemet.

Det er planlagt utforing av veggen for å gje lufting av veggen. Utforinga vil ikkje gje vesentlege endringar på fasaden på bygget. Nye vindauge skal ha same utforming som vindauge som var der frå tidlegare. Dette er vindauge utan sprosser. Storleiken på vindauge vil vera tilsvarannde som vindauge som er der i dag. Forvaltar vurderer at arbeidsmetoden som skal nyttast for å skifte kledding og vindauge er ein miljømissig bra metode jf. nml. § 12. Tiltaka vil føra til at stølshuset vert tatt vare på, og tiltaka vil ikkje føra til vesentleg fasadeendring.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

## Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar det kan gjevast løyve til omsøkt reparasjonsarbeid på stølshuset i Lægdene.



Arkivsaksnr: 2020/15428-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 31.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	48/21	07.06.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombane - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår Voss herad sin søknad om utsiktspunkt Sivlefossen. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombane og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Toppunktet på stien til Sivlefossen skal avsluttast med ei enkel treplattform med rekkverk tilsvarende plattforma lenger ned på stien.

### Saksopplysningar

Voss herad sökte i oktober i fjar om å bygge eit utsiktspunkt ved Sivlefossen, i form av ein «svevande» gitterkonstruksjon ut over fosserommet. Etter at forvaltar innstilte på avslag og påpeika fleire manglar ved söknaden, valte Voss herad å trekke söknaden dagen før styremøtet der saka skulle handsamast. Heradet har no sendt inn ein justert söknad til handsaming.

Voss kommune fekk i 2015 løyve til å bygge ein tursti opp til Sivlefossen. Denne er utforma med ei rekke tretrapper og eit utsiktspunkt i form av ein enkel treplatting med gjerde eit stykke nedanfor utsiktspunktet dei no søker om. Det omsøkte utsiktspunktet vil vere ein spektakulær avslutning på denne stien. Utsiktspunktet det er sökt om er ein gitterkonstruksjon i metall, med gitterrister av anten galvanisert stål eller glasfiberarmert umetta plast (GUP-rister). Totalt vil konstruksjonen ha ein lengde på drøyt 35 meter. På det breiaste vil den vere ca 13 meter brei.



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 1: Teikning av det omsøkte utsiktspunktet.



### Dokument som bakgrunn for saka

- Justert søknad om å få tilrettelegge eit utsiktspunkt til Sivlesfossen, datert 10.05.2021
- Saksframlegg til verneområdestyret til møte 1. desember 2020 (saka vart trekt før møtet)
- Søknad om utsiktspunkt frå Voss herad, sendt 8.10.2020
- Uttale frå Vestland fylkeskommune, datert 16.11.2020
- Søknad om tilrettelegging av sti og utsiktspunkt til Sivlefossen frå Voss kommune, datert 8.10.2015
- Løyve til å tilretteleggja ny sti til Sivlefossen og utsiktspunkt ved Sivlefossen, frå Nærøyfjorden verneområdestyre, datert 4.12.2015

### Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008

### Bakgrunnen for innstilling på avslag på førrøn søknad:

I saksframlegget til førrøn søknad vart det av forvaltar mellom anna påpeika følgjande manglar:

- Søknaden frå Voss herad gir ei detaljert skildring av den tekniske utforminga av det planlagde utsiktspunktet, men vurderer ikkje eventuelle naturkonsekvensar, korleis utsiktspunktet passar inn i landskapet og det heilskaplege kulturmiljøet.
- Det er ikkje lagt fram noko som viser kva som er målet med prosjektet, om det er forventa ei større mengde besøk i området, eventuelle konsekvensar av dette, og korleis det i så fall er tenkt handtert. Infrastruktur som parkering, toalett og boshandtering er ikkje nemnt. Før ein vurderer å bygge ein attraksjon som kan trekke endå meir folk til Stalheimskleiva bør ein ha infrastruktur på plass.
- Utsiktspunktet som er planlagt vil bryte med det gamle kulturlandskapet i området og vil kunne endre landskapet sin art og karakter. Utsiktspunktet er eit mykke større inngrep i natur- og kulturlandskapet enn det Voss kommune i 2015 fekk løyve til i forbindelse med turstien. Då vart det vurdert at «Dei planlagde utsiktspunkta med sikringsgjerde vil vere synleg, men ikkje dominerande i landskapet». Det utsiktspunktet som no er planlagd vil bli meir synleg og dominerande i landskapet, både fordi det er større og meir spektakulært, har ein meir moderne utforming, og fordi området no er meir opent.



- Det manglar skisser som viser kor synleg utsiktspunktet vil vere i landskapet, t.d. sett frå dalbotnen eller frå vegen opp Stalheimskleiva.
- Det manglar ein heilskapleg plan for området, der også fordeler og ulemper ved dette utsiktspunktet er vurdert. Ein bør sjå på heilheita og korleis ein skal skjøtte området rundt Stalheimskleiva for å ta vare på kulturmiljøet og samtidig legge til rette for turisme og oppleveling av området.
- Det manglar informasjon om korleis anleggsarbeidet vil bli gjennomført.
- Sidan det er nesten 20 år sidan området vart kartlagt bør det gjennomførast ny naturkartlegging av området før det eventuelt blir gitt løyve til tiltak.

I tillegg hadde Vestland fylkeskommune følgjande innvending:

«Dersom tiltakshavar vel å gå vidare med prosjektet må det etter vår vurdering gjennomførast betre utgreiingar knytt til fyljande tema:

- Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV. Her må ein vurdere om tiltaket er av ein slik storleiksorden at dette bør gjennomførast som ein KUVA (Konsekvens Utredning for VerdsArv),
- Tilhøvet til området i Stalheimskleiva som kulturmiljø.
- Tilhøvet til Stalheimskleiva som freda kulturminne.
- Tilhøvet til krav om tilgjengeleight og behov for funksjonar som toalett og parkering.
- Det bør også utgriast om det er mogleg å tilrettelege for utsiktspunkt utan å gjere store inngrep i kulturlandskapet. Her kan ein sjå på moglegheita for å utvikle området som ein attraksjon på bakgrunn av naturen og kulturminna som er der i dag, og dei verdiane som desse representerer.»

Forvaltar konkluderte då med følgjande:

«Forvaltar ber verneområdestyret om å avslå saka sånn den ligg føre i dag. Verneområdestyret kan eventuelt be Voss herad koma med ein ny søknad etter at Vegvesenet har avgjort kva akseltrykk det kan vera på køyretøy i Stalheimskleiva. Ein eventuell ny søknad må innehalde ein plan for området og ei heilskapleg vurdering av korleis utsiktspunktet vil passe inn i natur- og kulturlandskapet i Stalheimskleiva. Det må skildrast korleis ein tenker å løyse infrastrukturen rundt utsiktspunktet og korleis det vil påverka verneverdiane. Kommunen bør oppfordrast til å tenke på utforminga av utsiktspunktet og finne ei løysing som passar betre inn i landskapet i Stalheimskleiva.»

### **Ny informasjon som framkjem i justert søknad**

I den nye søknaden har Voss herad svart på ein del av manglane ved den førre søknaden.

#### Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV

Voss herad konkluderer med at tiltaket ikkje vil ha nokon påverknad på kriterie (i) og i høve til kriterie (III) vil ei tilrettelegging som planlagt gje moglegheit for ei betre og tryggare oppleveling av eit av dei mange fossefalla i verdsarvområdet.




#### Fossesprøytsona

I høve fossesprøytsona vurderer dei at det ikkje er nokon grunn til å anta at sjølve utsiktspunktet eller bygginga av det vil føre til skade på denne, då det er snakk om eit lite areal heilt i utkanten av sona. Dei viser og til at det ikkje er påvist skjeldne eller raudlista artar i denne fossesprøytsona. Dei har ikkje gjort nye undersøkingar.

#### Landskapstilpassing

Fargen på utsiktspunktet er endra frå rustraudt til gråsvart for å gli betre inn i landskapet. Det er lagt ved nye teikningar som viser korleis utsiktspunktet vil sjå ut. Desse viser at ein vil kunne sjå utkikkspunktet frå gangvegen og i sjølve nærområdet. Ein vil kunne sjå det frå eit parti av E6, men her vil utkikkspunktet vere lite synleg.



Figur 2: Utsiktspunktet i landskapsrommet.



## Nærøyfjorden verneområdestyre



Figur 3: Utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16.



Figur 4: Innzoma bilde frå E16 (tatt frå same stad som figur 3)



### Trafikkavvikling

Voss herad har vore på befaring med Statens vegvesen for å sjå på trafikkavvikling i kleiva. Voss herad skriv at tilkomsten er planlagt frå parkeringsplassen i botnen av kleiva. Samtidig skriv Statens vegvesen i sin uttale at parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva må vurderast nærare i høve rasfare. Når den nye tunnelen E16 Sleen - Hylland står klar skriv dei at det vil kunne opna seg ny moglegheit ved at ein evt. kan ta i bruk deler av den gamle riksvegtraseen til parkering. Voss herad skriv at bygginga høgst sannsynleg vil medføre auka besøk, men tilrettelegging av toalett vil dei først vurdere seinare dersom trafikkmengda skulle tilsei dette.

### Tilkomstveg for bygging av utsiktspunktet

Statens vegvesen har gitt klarsignal til å bruke øvre del av Stalheimskleiva til å køyre ned utsiktspunktet i delar. Det er ikkje planlagt bruk av helikopter ved bygging av utsiktspunktet. Terrenget mellom Stalheimskleiva og sjølve utkikkspunktet er relativt flatt, så det er ev. kun mindre og reversible tiltak som skal til for å få ein tenleg tilkomst. Voss herad skriv at det her er laga ein trase i samband med avvirkning av granskogen i området (hausten 2020). Her vil forvaltar påpeike at denne traseen er ikkje laga i høve avvirkning av granskog, men av Voss herad sjølv i høve undersøking av området for det nye utkikkspunktet. Ev. sårskadar i terrenget etter anleggsarbeidet vil bli lukka/tilbakeført når anleggsarbeidet er ferdig.

### Kulturminne

Voss herad viser til at bygginga ikkje vil komme i direkte konflikt med freda kulturminne.

## **Lovgrunnlaget**

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plant- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, jf. §2 punkt 1.1. Dette gjeld til dømes: a) ... bygging av vegar, oppføring av anlegg og faste innretningar, ... sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, ... Opplistinga er ikkje utømmande.

- 1.3 Forvalningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:
- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk.
- f) Oppsetting av nye gjerde, oppmerking og varding av nye fotruter og nybygging av bruer og klopper.

Eit slikt utsiktspunkt som det er søkt om her er meir enn ei ny fotrute eller bru, og må definerast som eit nybygg. Ettersom det ikkje er i samband med landbruk, turlagsverksemd eller oppsyn, må søknaden vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke



strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Begge vilkåra i § 48 må vera oppfylt, både at det ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje vera til nemneverdig skade på naturverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Den justerte søknaden svarar godt på ein del manglande utgreiingar og vurderingar i den opphavlege søknaden. Mellom anna er det med gode skisser som viser kor synleg utkikkspunktet vil bli i terrenget, og det er eit godt grep som er gjort med å endre farge på utkikkspunktet for at det skal vere mindre synleg. Den nye søknaden gir eit betre inntrykk av kor dominerande inngrep vil bli i landskapet. Det er positivt at Voss herad har avklart med vegvesenet at anleggsperioden kan gjennomførast ved å frakte utkikkspunktet ned vegen i Stalheimskleiva, og at dei har ein god dialog for å sikre at dette ikkje fører til skade på kulturminnet.

Det er også positivt at det no er skrevet litt meir om tiltakets moglege påverknadar på natur, landskap og verdsarvkvalitetar. Det blir derimot ikkje lagt fram ny kunnskap eller studie på dette feltet, og inngrep det blir søkt om er det same (bortsett frå endra farge).

Som Voss herad skriv i søknaden er dette eit område som i besøksstrategien er valt ut som eit område som kan tilretteleggast for besøk, og det er ikkje tvil om at det isolert sett kan vere ei storslagen oppleveling å stå ute på ei metallrist og oppleve Sivlefossen på nært hold. Spørsmålet er om eit slikt moderne utsiktspunkt i eit gammalt kulturlandskap samtidig er med på å øydelegge den totale oppleveling av området med alle dei historiske kvalitetane som er her. Eit slikt utsiktspunkt er det mogleg å bygge mange plassar. Spørsmålet er om det er riktig å gjere det akkurat her, i eit landskapsvernombordet som er verna for å ta vare på naturen og det gamle kulturlandskapet. I tillegg til den nyaste av vegane, frå midten av 1800-talet, som vi kjenner som Stalheimskleiva, er det spor etter to eldre vegar som kvar har fylgt ein litt anna trase i kleiva, ein frå 1600-talet og ein frå 1700-talet. Langs kleiva finn du også murane etter ein paviljong. Bygget er seinare flytta ned til kaien i Gudvangen. I tillegg er det restar etter ei smie, murar etter minst to uteløper, og fleire krigsminne frå 2. verdskrig. Med unntak av turstien er det ingen moderne inngrep her i dag, og området framstår som eit heilskapleg natur- og kulturmiljø. Stalheimskleiva er godt kjent blant besøkande til området, og naturen med dei gamle kulturminna er eit trekkplaster i seg sjølv. I forvaltningsplan for Nærøyfjorden er tilrettelegging for enkelt friluftsliv vektlagt, og kopling mellom friluftsliv og turisme er trekt fram som positivt, men tilrettelegging bør ikkje føre til store naturinngrep. Det meste av større tilrettelegging skal i utgangspunktet ligge utanfor verneområde.

Dette er eit tiltak som må vurderast etter nml. § 48. I fylgje Miljødirektoratet sin rettleiar «Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter» skal denne bestemmelsen vere «en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle/særskilte tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet.» § 48 skal ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Det er meiningsa at nml § 48 berre skal brukast som dispensasjonsgrunnlag i unntakstilfelle, og berre dersom strenge vilkår er oppfylt.



Når ein vurderer eit tiltak etter § 48, må ein først vurdere om tiltaket strider mot verneverdakets formål og om det kan påverke verneverdiane nemneverdig. Viss vilkåra er oppfylt skal det gjerast ei konkret, skjønnsmessig vurdering av om det skal gjevast løyve til tiltaket. I rettleiaren står det at «Generelt vil det ikke være adgang til å dispensere for tiltak og bruk som forutsetter større tekniske inngrep, for eksempel ny kraftutbygging, eller oppføring av private fritidshytter.»

Formålet med vernet av Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell, der kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter. Det det blir søkt om her er eit større teknisk inngrep i ein del av landskapsvernombordet som i dag framstår som eit intakt natur- og kulturlandskap med mange gamle kulturminne. Sjølv om inngrepet i følgje skissen knapt vil vere synleg frå E16, vil det vere godt synleg frå fleire stadar i Stalheimskleiva og elles i nærområdet. Sjølv med endra farge som gjere utsiktsplattforma mindre dominerande i landskapet er det her snakk om eit utsiktspunkt i ein veldig moderne stil, i eit gammalt kulturlandskap som er verna og viktig å ta vare på. Eit slikt stort og moderne utsiktspunkt vil vere eit framandelement i kulturlandskapet. Tiltaket vil kunne påverka landskapet sin art og karakter negativt og endre det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva. Forvaltar vurderer at tiltaket vil kunne ha ein negativ påverknad på verneverdiane i landskapsvernombordet, og meiner difor vilkåra for å kunne gje løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldlova ikkje er oppfylt.

I følgje kjent kunnskap om naturmangfaldet i området er det lite truleg at inngrepet vil føre til direkte skade på naturmangfald eller økosystem, jf. nml. § 8, og føre-var prinsippet (jf. nml. § 9) vert difor ikkje vektlagt. Den nye søknaden manglar framleis ein heilskapleg plan med tanke på å sjå utsiktspunktet i samanheng med utvikling av Stalheimskleiva som eit viktig kulturminne og besøksmål, og infrastrukturen rundt dette. Som Statens vegvesen skriv i sin uttale, må parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva vurderast nærare i høve rasfare. Likevel legg Voss herad opp til at det er denne parkeringsplassen som skal nyttast. Voss herad ynskjer heller ikkje å ta stilling til bygging av toalett no, sjølv om dei skriv at det er forventa at eit slikt utsiktspunkt vil trekke fleire besökande til området. For å kunne vurdere den samla belastninga av eit tiltak, jf. nml. § 10, burde planane for infrastruktur blitt lagt fram saman med søknaden om utsiktspunkt. Ny infrastruktur vil også påverke landskap og natur. Vegvesenet har no bestemt at Stalheimskleiva blir stengt for biltrafikk på grunn av store skadar på vegmurane. Dette endrar situasjonen totalt, og medfører mellom anna større trøng for parkering og toalett i tilknyting til kleiva, ettersom fleire besökande vil bruke lengre tid her, og ikkje lengre berre køyre ned kleiva. I dette tilfellet blir det vanskeleg å vurdere den samla belastninga av tiltaket.

I vurderinga av den samla belastninga er det også viktig å vurdere presedensverknaden dette tiltaket vil kunne ha for tilsvarende saker som gjeld bygging av turistattraksjonar inne i verneområdet. Dersom det blir gitt løyve til dette tiltaket, vil det kunne komme fleire søknadar om større tilrettelegging for turisme i verneområdet. Dette vil kunne vere negativt for verneverdiane.

## Konklusjon

Sjølv med justert farge og teikningar som viser at utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16, er det ikkje til å komme utanom at det omsøkte utsiktspunktet er eit stort inngrep i landskapet, som vil vere godt synleg frå nærområdet, og som vil kunne påverke kulturlandskapet sin art



og karakter negativt. Framleis er det store manglar ved søknaden som gjere det vanskeleg å vurdere den samla belastninga av tiltaket, men forvaltar meinar likevel at vi har nok kunnskap til å vurdere at dette inngrepet er for stort til at det kan gjerast unntak for det etter nml. § 48.

Verneområdeforvaltar ynskjer framleis å utfordre Voss herad til å tenke gjennom korleis ein kan utvikle Stalheimskleiva på bakgrunn av natur- og kulturverdiene som er der, utan store nye inngrep. I første omgang er det viktig å ferdigstille og sikre turstien. Det kan byggast eit toppunkt i form av ei enkel treplattform med rekkverk tilsvarande plattforma lenger nede på stien.